



Lagshytta Fjelly slik vi ser henne i dag nymåla og renovert.

Hyttestyret for Fjelly legg opp til ei innhaldsrik 100 årsmarkering ved Mannsvatnet laurdag 20. mai. Jubileet tek til kl. 13 og dei som ynskjer transport, må melda frå på mobil 952 26 429, Anette Sund. Programmet er variert og Barnas Turlag arrangerer natursti opp skogsvegen på Haugland.

Forfattar og kåsør, Jimmy Øvredal frå Os, kjem til Uskedalen for å vera med på hyttejubileet. Det høver godt for Villmarkens Søn som mellom anna er kjend for eit utal kåseri i NRK programmet Ut i naturen.



[Mange minne kjem fram frå fine dagar og samlingar ved Mannsvatnet.](#)

Det er vel heller sjeldan at eit musikklag går til fjells med sine instrument og notar, men denne gongen vert det gjort ved at Uskedal musikklag møter fram og let tonane gjalla mellom fjella. Søkneprest Lina Håland vert med og saman med senterleiar og musikalr Geir Jacobsen, vil dei syta for song og gitarspel.


Skriftnemnda vil syna fram den nye fotoboka og det vert eit innlegg om hyttebøkene som historisk kjelde. Det vert sal av betasuppe, kaffi og kaker. Det let seg gjera med grilling. Alt dette kostar berre kr. 50,- (Familie: kr. 200,-)

Frå kl. 18 vert det samling rundt bålet med servering av rømmegraut og spekemat.

Hyttestyret vonar på godt ver og eit godt frammøte på Fjelly laurdag 20. mai.

Men hugs å melda frå dersom du treng skyss.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Villmarkens Søn kjem til Uskedalen og Fjelly laurdag 20. mai.